

Til fylkesordførar Jon Askeland

Sikre naturmangfaldet/det biologiske mangfaldet

I dagane frå 9. -17.desember har FN naturtoppmøte (COP15) i Montreal i Canada.

Generalsekretæren i FN, Guterres opna møte med sterke ord om kva krise naturen står i: -

Krigen vi fører mot naturen er ein krig mot oss sjølve. Vi treng regjeringar som lagar ambisiøse handlingsplanar som vernar og bevarer naturen sine gåver. Vi treng bedrifter og investorar som set naturvern først i sine forretningsplanane sine, og investerer i berekraftige løysingar, sa Guterres mellom anna i følgje NRK.

Alvoret i situasjonen vert understreka av fleire og fleire . I rapportar vert det av ekspertar slege fast at tap av natur er ein like stor trussel som klimaendringane. Og at overforbruk av naturressursar er ei av dei største årsakene. FN-rapportar syner at millionar av artar er truga av utrydding eller sterk reduksjon i tal individ.

I Norge har vi eit lovverk der vern av natur og naturmangfald står sterkt, men dette vert ikkje fylgd opp i praktisk handling. I vurdering av mange utbyggingstiltak taper omsynet til det biologiske mangfaldet. Og det ligg føre omfattande planar for utbygging og anna bruk av areal/natur som vil truge naturmangfaldet.

Eg meiner dette er eit tema som må høgare opp på agendaen i fylkeskommunen og vil gjerne vite om fylkesordføraren vil ta initiativ til ein temaplan for å sikre naturmangfaldet/det biologiske mangfaldet i Vestland, både i vatn og på land. Ein plan på lik line med klimaplanen.

Og korleis meiner fylkesordføraren at fylkeskommunen i praktisk handling kan medverke i arbeidet med å sikre naturmangfaldet/det biologiske mangfaldet?

Åsmund Berthelsen, fylkestingsrepresentant SV